



**LINDÅS KOMMUNE**  
 Nordhordland og Gulen Interkommunale  
 Brannførebyggjande avdeling  
 NGIB

Advokatfirma WKS  
 v/ Advokat Marius Wesenberg  
 Strandgaten 59  
 5004 Bergen

KOPI

Dykkar ref.  
 M. Wesenberg

Vår ref.  
 G.Holtan

Arkivkode  
 17/339

Dato  
 13.12.2017

## Svar på klage vedr sal av pyroteknisk vare i Lindås kommune.

Viser til dykkar brev på vegne av dykkar klient Eva Borge ved Rema 1000 Lindås datert 29.11 2017.

Lindås kommune har gjennom over lang tid behandla søknader om sal av pyrotekniske varer. Gjeldande regelverk leggjast alltid til grunn for eit eventuelt løyve eller avslag på dette. I dykkar klients tilfelle er søknaden komen inn vesentlig etter fristen og søkjer er heller ikkje kjent for saksbehandlar frå tidlegare sal sesongar.

Det hevdast frå dykkar side at dette ikkje gjeld ein ordinær søknad men ein endringssøknad. Til det er det å merka at forskrift av 26 juni om håndtering av eksplosjonsfarleg stoff ikkje omtaler dette utover nye salsløyve. Ein søknad om endring kan difor ikkje behandlast anna enn som ein ny søknad og då den vert innsendt vesentleg utover søknadsfristen vart søknaden fyrst avslegen.

I dykkar klage legges det og vekt på at søknaden gjeld verksemda og ikkje personen. Vi syner då til same forskrift av 26 Juni 2002, Kap 9, §9-1, « *den som vil drive med handel med eksplosiv vare må ha tillatelse. Tillatelsen til handel kan bare gies til den som anses skikket og skal bare gjelde handel fra et bestemt forretningssted. Tillatelsen kan ellers begrenses slik vedkommende myndighet bestemmer* ».

I lys av nye opplysningar frå Radøy kommune ved brannsjefen der det kjem fram at Evg Borge har erfaring frå tilsvarande sal og fra tilsvarande merkandar frå dykk i innsendt klage samt telefonsamtale med søkjar er saka behandla på nytt og salsløyve for dagane 29 og 30 desember 2017 er innvilga på same vilkår som øvrige salsløyve i Lindås kommune. Kopi av salsløyve er sendt søkjar på epost og vert og vedlagt dykk.

Med helsing

Gjert Holtan  
 Saksbehandlar

Ole Johan Ingebrigtsen  
 Avdelingsleiar NGIB

Postadresse:  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 Isdalsto

Besøksadresse:

Telefon: 56 37 50 00  
 Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005  
 Organisasjonsnr: 935 084 733

E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Heimeside: www.lindas.kommune.no

Kartside: www.nordhordlandskart.no